



DEN NORSKE KYRKJA Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd 10.juni 2021

Tilstades;

Toril Lange, Torunn Styve Wenche Liljedal, Geir Sørebo. Hilde Iren Bosdal

Ord til opning v/ Geir Sørebo Jesus sa: Fylg meg.. er vi som sokneråd Jesus sine fylgjarar?

Innkalling, referat og sakliste. Godkjent.

Meldingssaker:

10/21: Sidan sist.

Årsfest og årsmøte 29. april 2021 Vart arrangert på Alværa. 17 stk, mat, kaffi og markering av at Andreas Ester har slutta i stillinga som sokneprest i Lavik. Sett i lys av koronasituasjonen er vi godt nøgde med oppmøte og gjennomføring.

Leirdag på Alværa 25. april Planlagd barneleir vart avlyst, så vi arrangerte ein leirdag for born frå Lavik. 12 born var med, i tillegg til oss lokale var Elisabeth Sowerby Dale frå NMSU med som leiar. Avslutta med gudsteneste ute når foreldra kom for å hente.

Evaluering av arrangement:

Gudstenestene – Dåpsgudsteneste , lukka – berre for familien og Friluftsgudsteneste på Alværa i samband med leirdagen, begge deler fungerte bra.

17. mai Skuffande lite frammøte, berre 15 stk

1. pinsedag. Høgtidsgudsteneste. 18 stk tilstades.

11/21: Gjeldande smittevernsreglar Lister over kven som er tilstades skal skrivast og oppbevarast i 14 dg. Kan vere 50 stk v ikkje tilviste plassar, 1 m avstand. Kan syngje. Tilviste plassar ved meir enn 50 tilstades.

12/21: Opa kyrkje – sommaren 2021 Vi tenkjer ikkje å ha dette i år på bakgrunn av koronasituasjonen.

Merknad: det vert oppmoda om å ringe med kyrkjeklokkene i heile landet 22.juli kl 12.00-12.05 som markering av 10-årsdagen for terroren på Utøya og i Oslo. I tillegg vert det eit

arrangement i Høyanger (musikkpaviljongen) med minnetale og musikk. I Lavik vert det klokkeringing dersom det høver for ein av kyrkjetenarane..

Vedtaksaker:

17/21: Helgestunder (jfr sak 10/21)

Ynskje frå kyrkjeverge er at ein representant frå kvart sokneråd tek ansvar for å samle stoff og sende kyrkjeverje. Desse vil i såfall fungere som ein redaksjon.

Vedtak: Toril møter på møte med dei andre sokna i august. Saka vert utsett.

18/21: Gudstenesteplan april – sept

Vedtak: Vedlagt gudstenesteplan.

19/21: Vedlikehald – prioritering Etter at HKF har vore på synfaring er det er sett opp ei liste over vedlikehaldsprosjekt for alle sokna i kommunen.

Vedtak: Prioritert liste Lavik 1) Skodder/glas i tårnet

2) Hakkespetthol og malingsflassing

Merknad 1: Vi saknar utebenkane som skulle pussast opp. I tillegg planlegg vi dugnad på kyrkjegarden våren 2022. Vi ser ma at ein grusgang treng opprensing.

Merknad 2: Under gudstenesta 13.juni var det vindstille, men regn ute. Vi oppdaga då at det draup godt med vatn frå taket framme ved vedomnen på v.side i kyrkja. Dette er same stad der det tidlegare har vore lekkasje – og som det har vore reparasjon på.

20/21: Merknad til årsmelding for Lavik sokneråd.

Etter årsmøtet kom det ei melding med ein reaksjon på årsmeldinga.

Årsmeldinga er vedteken og det kan ikkje gjerast endringar på innhaldet.

Vedtak: Avsnittet om korskulen vert flytta og gjort om til eige punkt.

21/21: Trusopplæringa i soknet framover

Vedtak: Lavik sokn har laga ein oversikt over kva tiltak vi har, og også kva vi manglar/ynskjer og håpar at ny trusopplærar kan ta del i. Soknerådet fungerer i praksis som trusopplæringsutval, og vil saman med ny trusopplærar halde fram med gjennomføring.

22/21 Mat og prat. Pga koronasituasjonen har dette arrangementet vorte utsett fleire gonger.

Vedtak: Vi håpar vi kan gjennomføre og vil invitere Geir til ei samling til hausten.

Ymse : Saka om fjerning av benkar inne vert teke opp att til hausten.

Neste soknerådsmøte: Ikkja datofesta, men i løpet av august.

Lavik 14.05.2021

Torunn Styve

Ref.

Trusopplæring i Lavik

Oversikt over tiltak vi gjennomfører pr juni 2021 – og kva vi ynskjer /manglar.

Vegen vidare: Barnetalet er minkande og det er omtrent 2-6 døypte på kvart årstrinn. Det er viktig å tenke tiltak som inkluderer fleire årstrinn. Kva tiltak som er aktuelle, kan variere noko frå år til år. Men slik situasjonen er og har fungert pr juni 2021 - og slik det har fungert inntil no (med unnatak av noko endringar i koronatider), vil soknerådet gå inn for følgjande tiltak:

Hausttakkefest i slutten av september med utdeling av Mi kyrkjebok 4 og 6,+ IKO -bøker frå Tripp Trapp til alle born opptil ca 11-12 år. Dette vil vi vidareføre.

4/6 års-samling – ein ettermiddag veka før hausttakkefesten.

T-dagar: Eit par timar, nokre onsdagar, i SFO-tida. Ca 3 i halvåret.

Tårnagent-helg: i januar: årleg. Tårnagent/englevakt. – frå 2. klasse og eldre.

Leirdag/Leirdøgn: Våren Alder: 2. klasse og eldre

Minikonfirmantar: Eit tilbod til 5. klasse. Her må vi slå saman fleire klassetrinn. Neste gong det er aktuelt i Lavik er skuleåret 2022/2023 – evt. året etter.

Påskevandring:

I 2021 var det tenkt ei påskevandring ved Lavik kyrkje palmesøndag. Det kunne ikkje gjennomførast i 2021. I staden vart det delt ut oppgåvene til påskevandringssjansane som var rundt kyrkja.

Vi ønsker ei vandring for barnefamiljar – ei vandring med ulike aktivitetar og ei samling rundt bålpanna palmehelga eller ein ettermiddag før påske.

Konfirmantar : Samarbeid med Hyllestad.

Leir på Alværa: Mange born frå Lavik reiser på leir. Soknerådet subsidierer leiren med kr 200,- pr born.

I Lavik kyrkjelyd manglar vi tilbod først og fremst til born:

1) under skulealder

2) frå 5/6 .klasse og eldre

Soknerådet fungerer i praksis som trusopplæringsutval, og vil saman med ny trusopplærar delta på dei ulike tiltaka så langt vi har ressursar til det.

14.06 2021.

Lavik sokneråd.

Plan for gudstenestene , jan – sept 2021 (12.04.2021)

Dato	Kl	Gudsteneste	Prest/delte	Organist	Kyrkjetenar	Takkoffer	Klokkar	Kyrkjeverd	Merknad
10. jan	11.00	Tårnagentgudsteneste	Geir	Gerd a	Bjarne		Torunn?	Tonje	avlyst
31. jan	11.00	Høgmesse	Geir	Gerd a	Bjarne	Bibeldagen			
21. febr	17.00	Høgmesse	Geir	Gerd a	Olav	Kirkens bymisjon	Toril	Wenche	
28. febr	12.00	Dåpsgudsteneste	Geir	Gerd a	Olav	IKO	Toril	Torunn	
14. mars	11.00	Høgmesse	Geir	Gerd a	Audun	Strømmes tiftelsen	Monika	Rolf	
01. april	18.00	Påskemåltid / Skjærtorsdag	Geir	Gerd a	Bjarne				avlyst
02. april		Langfredag Andakt – helsesentert?							Avlyst?
04. april	11.00	Høgtidsgudsteneste		Katrin	Audun		Olav	Toril	Lukka Dåpsgudsteneste
25. april	11.00	Høgmesse	Geir	Gerd a	Bjarne	Menighets fakultet	Tonje	Rolf Tonje	Dåp?
17. mai	13.00				Olav		Toril	Torunn	
23. mai	11.00	Høgtidsgudsteneste			Olav	Misjon i Mali	Toril	Annbjørg	Pinsedag
13. juni	18.00	samtalegudsteneste			Audun			Wenche	Kystpilegrimsleia
4. juli	11.00	Høgmesse			Bjarne	KABB – Kristent Arbeid blant blinde	?	?	
25. juli	18.00	Høgmesse			Bjarne	Blå kors	Olav	Toril	

8. aug ust	11. 00	Høgmesse	Karl		Olav	Dei 4 diakoni - institusjon ane	Tori l		
29. aug ust	11. 00	Høgmesse	Karl		Olav	Misjon i Mali	Tori l	Hilde Iren	50- årskonfir m konfprese ntasjon Kyrkjekaf fi og twist
18. sept	12. 00	Konfirmasjo ns- gudsteneste	Karl		Audun	ALværa			Laurdag
26. sept	11. 00	Haustattakkef est	Karl		Audun	Søndagssk ulen			Utdeling av bøker til born